

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.2.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/22. Val av styremedlem og varamedlem – Aurland Setjefisk SA

Saksopplysning/vurdering

Fjellstyret er partseigar i samvirkeføretaket Aurland Setjefisk SA, og har ein medlem med personleg vara i styret for selskapet. Tre av styremedlemane for partslaget, med varamedlemar, står på val i år. Formelt skjer valet av styre på laget sitt årsmøte, men i praksis vert dei ulike eigarane sine representantar til styret innstilte på førehand, av det organet dei representerer.

Vedtektene til Aurland Setjefisk SA (§ 5) seier at styret skal ha 4-6 medlemar med personlege varamedlemar, med ei funksjonstid på 2 år, frå årsmøte til årsmøte. På årsmøtet i mars 2020 vart Sigurd Vikesland vald som styremedlem, med May Britt Martinsen som varamedlem.

Framlegg til vedtak

Som medlem i styret for Aurland Setjefisk SA innstiller fjellstyret
med som varamedlem.

Fjellstyrekontoret, den 4.2.22

Harald Skjerdal